

Frå styret i Hovdebygda Ungdomslag:

Innspel til lovendringsframlegget frå

styret i Noregs Ungdomslag til landsmøtet 22.–24. april 2022

Styret i HUL rår på det sterkaste frå å vedta dei foreslåtte endringane i § 9.

I lovendringsframlegget står det:

«Endringa i målparagrafen går ut på å løfte fram (...) Noregs Ungdomslags ansvar for å ta vare på den nynorske skriftkulturen.»

Me oppfattar dette som tåketale. Korleis tek ein vare på nynorsken ved å redusere nynorskbruken i sentralleddet?

Styret i HUL meiner at målbruksparagrafen bør stå som han er.

Styreleiaren i NU skriv at nynorsken «har kjenst som ein hemske» og at han skremmer vekk lag frå å vere med i NU. Dette er lite truverdig argumentasjon. Det er god plass og takhøgde i NU. Alle lag vel målform sjølve, noko som er fint, dynamisk og greitt. Sentralleddet i NU har nynorsk som arbeidsspråk, noko som er naturleg av historiske grunnar og viktig for språkets framtid. Det er ikkje mange organisasjonar i Noreg som nyttar nynorsk lenger. Om ikkje NU gjer det, kven skal me då vente det av?

På vegner av styret i Hovdebygda Ungdomslag,



Runar Gudnason, leiar